Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hetland

Emne: Transport av höy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Hallvard Sandnes

Gard:

(adresse): Våulen, Stavanger.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn (m.a. bonde Torkjel Svesdal, Hetland).

SVAR

Hetland herad ligg i kring Stavanger. Nokon nemnande utmark finst ikkje, alt er dyrka og ligg samla kring hovudbruket. Husmenn veit ingen her å fortelja om. Gardane har ofte skifta eigar mange gonger, og nykomarane nyttar dei arbeidsmåtar kvar i si heimbygd nyttar. Det vert såleis liten tradisjon i sjølve arbeidsmåten. Til dette kjem at ein har gått over til maskindrift på gardane.

Det vert såleis inkje å svara på spursmål 1, 2 og 3, men til 4 er å merka:

Dei fleste köyrer höyet åt lön på ei langkjerra ca 3.5-m lang og ca 1.25 brei. Sume har höygrindar på kjerra, men dei fleste fester lasset med höytang. Ein gaflar höyet opp på lasset og har alltid einkvan til å „liggja" i lasset og ta rundt og trö höyet saman. Dette er helst ein mindreårig, gut eller gjenta. Lasset veg ca omlag 240-300 kg. Ein fester lasset med tog og höytang. Höytanga er 2 lange stavrar som går ≠ med eit tverstre i kvar ende. Toget som ein fester i tanga kallast tangband.

2

Det er festa til kjerra med sine endar.
Ein „kneppar" fyrst langbandet framme,
deretter det som er bak. Nokon regel
for at lasset skal vera högare framme
enn bak kjenner eg ikkje til her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
330